

## Prioritering Haus skule 2023/24 ut frå vernerunde:

1. Haus skule har i over eit år prøvd å få på plass uteleikeapparat: Karusell. Både rektor, FAU og Elevråd har arbeidd med dette. I tillegg har leiar for skule Renate Macpherson løfta dette opp. Denne karusellen står no på lager og vi er bedt om å hente inn anbud på grave og grunnarbeid for å få sett denne på plass. Men er ikkje dette ein jobb som skal liggje til teknisk?. Som rektor/leiar har ikkje eg fageksprtise på dette. Vi stiller spørsmål om ikkje det bør vere ein ansvarshavande på teknisk drift som har mulegheit til å hjelpe til når arbeid på uteikeområder skal gjerast? Slikt arbeid gjeld fleire kommunale skular og barnehager....
2. I rapport for årlig hovedkontroll lekeapparat gjennomgått 06.07.2023, kjem det fram at huskestativ er gammelt og bør skiftast innan eit år. Her vil vi også trenge hjelp frå teknisk til montering av dette og skifte ut fallunderlag som per I dag ikkje er godkjent.
3. Det bør monterast lydette plater mellom klasserom 1 og kontor pga høg støy for dei som sit og arbeider. Det bør også vurderast om det kan bli sett opp plater inn mot grupperom ved klasserom 2. På dette grupperommet er det stor støy frå klasserommet ved sida av. Nede ved klasserom 8: grupperom: Er det mogeleg å setje opp støydempande plater mot ventilasjonsanlegg?
4. Ny lås med nøkkel trengst til toalett ved klasserom 3- treng ikkje vere systemnøkkel.
5. Treng nytt kontaktpunkt på handikaptoalett ved SFO, klasserom 7, slik at vi kan få flytte reinhaldmaskin hit.
6. Haus skule har gamle ovnar og steikeovner på skulekjøkken. Det er tilbakemelding frå Mat og helse at 2 steikeovnar ikkje fungerer og må kjøpe 2 nye.
7. I 2 klasserom er det svært gamle pultar og stolar. Her trengst tilsaman 38 nye pultar og 38 nye stolar. Er det eigne investeringsbudsjett til innkjøp av dette?
8. Garderobeplass for tilsette er mangelvare på Haus. Arbeidsromma for lærarar er lite og trangt, og dei må ha yttertøy her ved pulten sin- som ikkje er hygienisk. Toaletta I administrasjonsdel er svært små og det er tynne vegger mot kontordel som gjer det lydt. Haus skule treng difor eit påbygg med plass til dette.....
9. Det veks opp svært mykje skog rundt Uteleikeplassen på Haus skule. Dette fører med seg trer som veks innover og legg seg over Gjerde, blad og anna som dekkjer tak og det gror mykje på taket. Det tek også utsikt på framsida. Trengst altså å hoggast ned ein del trer.
10. Det er no dei seinaste 2 veker blitt skifta toalettseter og tetting rundt enkelte toalett pga lukt og hygiene. Det er vi og reinhald svært glad for.
11. Det siste halvåret er det prioritert å få led lys og betre lysforhald fleire stader dette har hjelpt veldig og lysforhalda er no blitt betre og tilfredstillande for alle.

Alvhild Nygard- rector Haus skule I samarbeid med VO: Eva Lill Reigstad

Sjå vidare for vernerunde neste side

## Vernerunde 04.10.2023: Haus skule



Vernerunde er den mest kjente metoden for generell kartlegging av arbeidsmiljøet. Ein vernerunde artar seg som ein rundtur i eit definert område i verksemda. Runden bør gjennomførast jamleg og minst ein gong i året. Resultatet skal vere ein handlingsplan med ansvarlege for gjennomføring av tiltak for utfordringar som er avdekte. Det er leiaren som er ansvarleg for gjennomføringa. Den skal gå føre seg saman med verneombodet.

Mal for vernerundeskjema bør tilpassast avdelinga (ikkje alle avdelingane bør sjå etter eller leggje vekt på dei same faktorane). Skjemaet bør innehalde spørsmål eller stikkord til dei utfordringane avdelingane er best kjende med.

	Ja/Nei	Til- tak	Kommentar	Ansvar- leg	Tidsfris- t
<b>1. Orden/reinhold</b>					
Er reinholdet tilfredsstillande?	ja				
Er det faste reinholdsrutinar?	ja		Stort sett		
Blir dei følgde?	ja				
Blir det utført regelmessig hovudreingjering? (Kor ofte?)	ja				
Har arbeidstakarane ansvar for orden og reinhold på eigen arbeidsplass?	ja				
Blir det følgt opp?	ja		Stort sett		
<b>2. Belysning</b>					
Er belysninga tilfredsstillande? (Luxtabellen)	ja				
Allmennbelysning?	ja				
Plassbelysning?	ja				
Er det utført lysmålingar?	nei				
Er det ubehageleg blending?	nei				
Refleksar i dataskjerm?	nei				
Er det rutinar for reinhold av armatur?	nei		Eige ansvar		
<b>3. Støy</b>					
Er det plagsam støy utover minstekrava?	nei		Kan vere på SFO		

Er det stor etterklang (ekko) i lokalet?	nei		Obs 2 klasserom		
<b>4. Ventilasjon</b>					
Er grunnventilasjonen god?	ja				
Er det rutinar med omsyn til reinhald, kontroll av reimer, filterskift osv.?	ja		Motor i ventilasjon skal bli skifta		
Er det god tetting rundt filterrammene?	ja				
Er kanalar sjekka for støv og forureiningar?	?				
Er luftinntaket reint for blad, insekt o.l.?	ja				
<b>5. Inneklima/innemiljø</b>					
Er temperaturen tilfredsstillande?	ja		Stort sett, men etter feriar er det ustabil og mange gonger kaldt..		
Er det trekk, og evt. kor kjem trekken frå?	nei				
Er det kaldt ved golvet?	nei				
Er det ubehageleg lukt, mykje støv eller andre forureiningar til stades?	ja		I gymgarderobe		
Kjennest lufta «tørr»?	nei		Av og til		
<b>6. Kjemiske stoff, til dømes løysemiddel/biologiske faktorar</b>					
Blir det bruka kjemiske stoff?	nei		Evt når maler		
Har desse tilfredsstillande NORSKE produktdatablad?	ja				
Er datablada samla i stoffkartotek tilgjengeleg for dei aktuelle brukarane?	nei				
Er brukarane kjende med innhaldet i datablada, helsefare, vernetiltak, førstehjelp osv.?	ja				

Er innkjøpsrutinane tilfredsstillande?	ja				
Kan nokre stoff erstattast med mindre helsefarlege produkt?	nei				
Kan antal stoff reduserast?	ja				
Krev kjemikaliane at spesielle arbeidsinstruksar blir følgde?	nei				
Er det gode rutinar for reinhald og avfallshandtering?	ja				
<b>7. Luftforureining (støv, røyk, gass, damp og kjemikaliar)</b>					
Blir det arbeid med stoff som gjev frå seg støv eller andre forureiningar?	nei				
Gjev arbeidsprosessen frå seg forureiningar?	nei				
Er det mogleg å byggje inn dei forureinande prosessane og/eller arbeidsoperasjonane?	nei				
Blir tilfredsstillande punktavsug bruka?	ja				
Er det utført målingar av forureiningskonsentrasjonane ?	nei				
Blir rett type andedrettsvern bruka?	ja				
<b>8. Ergonomi</b>					
Er det tunge løft?	nei				
Kan løfteutstyr/hjelpemiddel brukast?	ja				
Er arbeidsstillingane belastande?	ja				
Er arbeidet einsidig og monotont?	nei				
Vonde arbeidsstillingar?	nei				
Går/står arbeidarane mykje på harde golv?	ja				

Kan arbeidsplassen/arbeidsprosessen leggjast til rette slik at uheldig fysisk belastning blir redusert?	ja				
Finst det variasjonsmoglegheiter? (jobbrotasjon, pausar)	ja				
Er dei tilsette kjende med rett arbeidsstilling?	ja				
Er kontorarbeidsplassen hensiktsmessig innreidd?	Nei. Det er lite og trangt. Tilfredstiller ikkje krav til plass. Dei tilsette har heller ikkje eigna gardrobe pga plassmangel.				
<b>9. Sikkerheit/vernetekniske forhold</b>					
Førekjem det farlege arbeidssituasjonar?	ja				
Finst det sikkerhetsprosedyrar og arbeidsinstruksar, og blir dei følgde?	ja				
Er maskinar/utstyr forsvarleg sikra?	ja				
Er det regelmessig kontroll/ettersyn på dette utstyret?	ja				
Har operatøren nødvendig opplæring?	ja				
Er det sikkerheits-skilting/signalgiving på arbeidsplassen?	ja				
<b>10. Personleg verneutstyr og førstehjelpsutstyr</b>					
Er nødvendig verneutstyr tilgjengeleg (hjelm, sko, briller/ansiktsskjerm, andedrettsvern, høyrsevern)?	ja				
Blir utstyret oppbevart og vedlikehalde på ein forsvarleg måte?	ja				

Blir rett (godkjent) verneutstyr bruka?	ja				
Er dei tilsette klar over kva arbeidsoperasjonar som krev verneutstyr?	ja				
Blir tilfredsstillande arbeidstøy bruka?	ja				
Er nødvendig førstehjelpsutstyr lett tilgjengeleg for tilsette?	ja				
Finst øyrevoksfjerner og nøddusj ved handtering av kjemikaliar?	ja				
<b>11. Organisatoriske og psykososiale forhold</b>	Vedrørende organisatoriske og psykososiale forhold kan HMS gruppesamtale med fordel brukast i staden for eller i tillegg til ovannemnde.				
Er arbeidet godt tilrettelagt/organisert? Finst det arbeidsinstruksar?	Ja og nei				
I kva grad er det høve til sjølvbestemming og fagleg ansvar?	Stor grad				
Korleis blir medråderett praktisert?	Trepartsmøter kvar måned				
Kva rutinar finst det for å sikre god kommunikasjon og godt samarbeidsklima? Er det til dømes faste rutinar for personalmøte, medarbeidarsamtalar eller liknande	ja				
Er det faste rutinar for opplæring av nytilsette?	ja				
Er det utarbeida opplæringsplanar eller liknande for å sikre den faglege og personlege utviklinga til dei tilsette?	Det er felles pårsplan for vårt felles utviklingsarbeid				
Kva rutinar finst det for spise- og kvilepausar	Faste rutiner				
Kor stort var sjukefråværet siste år, og korleis er utviklinga hittil i år?	Ca 6,5 % SM				

	Inklusiv kortids: tilsaman ca 10% i sektor oppvekst				
Er det tilfelle av vald og trugslar? Korleis blir det i så fall registrert?	Ja. Avviksystemet og evt notat				
Kva med tilrettelegging av arbeidsplassar for yrkeshemma?	ja				
Kva kan eventuelt gjerast for å betre trivselen?	Setje arbeidsmiljøarbeide t endå meir i system. Open og god dialog med alle.				
<b>12. Andre forhold</b>					
Driv verksemda aktivt AKAN- arbeid?	nei				
Har verksemda ungdom under 18 år tilsett?	nei				
Er risikomoment i forhold til gravide arbeidstakarar kartlagde?	ja				
Forhold som til dømes gjeld lokalitetar som ikkje er nemnde tidlegare?	ja		At det er lite hjelp å hente på teknisk angående uteleikeplass og få utstyr montert og ift grunnarbeid.		
Vernerunde utført dato: 04.10.2023					
Leiar <i>Alvhild Nygard</i>	Verneombod: Eva Lill Reigstad			Andre Anders Kleppe for teknisk.	
Avdelinga er varsla på førehand/gjord kjent med vernerunden: Ja					
Dokumentasjon frå siste vernerunde/tiltaksplanar er gjennomgått: ja, og vi har også sett på rapport for årlig hovedkontroll lekeapparat gjennomgått 06.07.2023.					
Sjå prioritering Haus skule øvst!					
Kommentarer på vernerunde:					
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Akustikk I klasserom 1 og 2</li> <li>- Klasserom bør skifte gardiner</li> </ul>					

- Etter feriar er det ofte kalde klasserom.
- Obs ift at det er lite med faste punkt med stikkontakter. Dette fører med seg fleire grenuttak der PC, Chromebook og nettbrett blir lada. Desse skal bli slått av kvar ettermiddag, men stiller spørsmål til om det blir gjort ift branntryggleik
- Hulle ved klasserom 5 er spiss og treng avrunding ift at elevar ikkje dunkar borti.
- Treng nye persienner på møterom 2.
- Ny dør på skap møterom 2 trengst